

Sendar-bygget på Vigra Kringkastar – kva no?

Alle ynskjer å ta vare på sendar-bygget på Vigra og historia knytt til det, men ingen vil ta heile det økonomiske ansvaret.

Eldsjeler og Venneforeininga for Vigra Kringkastar har arbeidd sidan 1995 for å ta vare historia.

Vigra Kringkastar står på **Telenor sin verneplan** som den einaste nasjonale stor-sendaren som Norge kan ta vare på og det einaste større verneobjektet i MR fylke.. Sverige har tatt vare på 2 av sine nasjonale stor-sendarar.

Norkring og Telemuseet har støtta Venneforeininga med ca 0,5 million kroner. Far til noverande grunneigar var initiativ-takar og har utført mesteparten av det praktiske arbeidet for å ta vare på dei eldste verne-objekta.

Grunneigaren er redd for at sendar-bygget vert ståande til nedfall. Derfor krev han eit levedyktig alternativ – primært «**eit senter for ytringsfridom og demokrati**» som han skreiv under ein intensjonsavtale med Telemuseet i 2012.

Eigaren Norkring ynskjer å «kome ut av det». Norkring vil ikkje ha krav frå riksantikvaren hengande over seg om å ta vare på sendar-bygget. Derfor har Norkring tilbydd sendar-bygge gratis + 1,5 million kroner til den som vil ta over sendar-bygget – primært til «**eit senter for ytringsfridom og demokrati**». Norkring betalte Telemuseet for ei ide-skisse for eit slikt senter i 2015/16.

Grunneigaren var ikkje nøgd med Norkring si oppryddinga av området der Vigra-masta stod og kravde derfor at også sendar-bygget vart reve. Riksantikvaren ville ikkje frede sendar-bygget, men spelte ansvaret over på Giske kommune og MR fylke. Det enda med at Norkring fekk lov til å rive sendar-bygget i 2018.

På kort varsel måtte Venneforeininga rydde sendar-bygget og planlegge flytting av verneobjekta som dei hadde tatt vare på. Eit felles brev frå ordførarane i Giske og Ålesund kommune gav fylkeskonservatoren i MR

ryggdekning for å bruke fullmakta si til å stoppa planane om riving. Norkring og Grunneigaren har klaga. Klage-saka ligg hos miljøverndepartementet.

Venneforeininga har gjort det vi maktar – tatt vare på dei eldste verneobjekta og arbeidd med å synliggjere den viktige nasjonale, regionale og lokale historia som er knytt til sendar-bygget.

Det er eit samfunnsansvar - nasjonalt, rigionalt og kommunalt – å ta vare på denne historia og den einaste nasjonale stor-sendaren som Norge kan ta vare på. Staten sitt ansvar ligg på **Riksantikvaren, rikspolitikarane og Telenor/Norkring**.

Møre og Romsdal fylke og Giske og Ålesund kommune er ein viktig del av den regionale og lokale historia og må derfor ta sitt ansvar.

Fiskeri var årsaka til at MR fylke og Ålesund var pionerar i Norge på radio-telefoni og kringkasting. Det er naturlig at også dei støtta eit slikt tiltak.

Jon Hildre Vigra